



Leve heile livet



Plan for Askvoll kommune

2022-2026

Innhald

Innleiing	3
Askvoll kommune sine utfordringar og behov	4
Fakta om kommunen.....	4
Kven er dei eldre i kommunen	4
Helse og omsorgstenestene	5
Eit aldersvenleg samfunn:	6
Utfordringar:.....	7
Aktivitet og fellesskap.....	8
Utfordringar:.....	9
Måltid og ernæring.....	10
Utfordringar:.....	10
Helsehjelp	11
Utfordringar:.....	12
Samanhengande tenester	13
Utfordringar.....	15
Strategisk handlingsplan - Leve heile livet – Askvoll kommune	16

Innleiing

Meld. St. 15 (2017-2018) «Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre» vart lagt fram for Stortinget 4. mai 2018, reforma blei behandla og vedtatt i Stortinget 20. desember 2018 (Innst. 43 S (2018-2019)).

Målgruppa for reforma er alle eldre over 65 år, både heimebuande og bebuarar på institusjon. Målet med reforma er at eldre kan meistre livet lenger og ha ein trygg, aktiv og verdig alderdom. Meir konkret skal Leve hele livet medverke til:

- at eldre får fleire gode leveår med god helse og livskvalitet, meistrar eige liv og får den helsehjelpa dei treng, når dei har behov for det
- pårørande som ikkje blir utslitne, og som kan ha ein jamn innsats for sine næraste
- tilsette som opplever at dei har eit godt arbeidsmiljø, der dei får nytte kompetansen sin og får gjort ein faglig god jobb

Reforma fokuserer på fem hovudområde:

- Eit aldersvenleg samfunn
- Aktivitet og fellesskap
- Måltid og ernæring
- Helsehjelp
- Samanhengande tenester

Utgangspunktet for eit aldersvenleg samfunn er at tal eldre i Noreg er forventa å doblast frå 624 000 i 2018 til 1,35 millionar i 2060. Dette fordrar at samfunnet legg til rette for at eldre kan nytte ressursane sine og delta i samfunnet. Reforma utfordrar eldre sjølv til å engasjere seg i planlegging av eigen alderdom. Dette gjeld både korleis ein planlegg å bu, aktivitet og bidra til best mogeleg helsesituasjon.

Med alderdom kjem reduksjon i sosiale kontaktar og fellesskap, gjennom tap av nærstående personar og venar. Heile 30% av eldre over 80 år seier dei er einsame, derfor legg reforma opp til utvikling av møteplassar og aktivitetar i lokalsamfunnet. Dette skal stimulere til aktivitet, fellesskap og fysisk aktivitet.

Hos mange eldre ser ein under- eller feilernæring, dette har negative konsekvensar for helse, initiativ og trivsel. Derfor fokuserer reforma på tiltak for god ernæring og gode matsituasjonar.

Rett helsehjelp på eit tidleg tidspunkt vil medverke til at eldre meistrar sjukdom og helseplagar betre, og at dei kan bu heime lenger. Dette inneberer også rett og god kompetanse hos helsepersonell.

Mange eldre får tenester frå ulike instansar og nivå. God samanheng og samarbeid mellom dei ulike tenestebehova, kontinuitet og færre tilsette å forholde seg til er viktig for den totale kvaliteten av tenestene.

Askvoll kommune sine utfordringar og behov

Fakta om kommunen

I 2021, 3. kvartal har Askvoll kommune 2955 innbyggjarar¹. Kommunen ligg ved kysten av Sogn og Fjordane og strekker seg frå Kvammen på sørsida av Førdefjorden, Bulandet/Værlandet i vest og Dalsfjorden i sør. På Bulandet og Værlandet bur det om lag 450 personar, ferja til fastlandet tek om lag ein time. På Atløy bur det om lag 450 personar, ferja til fastlandet tek 10 minuttar. I Kvammen bur det om lag 400 personar, frå innerst i Kvammen til kommunesenteret er det 40 km. I Stongfjorden bur det om lag 100 personar, avstand til kommunesenteret er 10 km. I Holmedal/Rivedal bur det om lag 500 personar, med 10 km til kommunesenteret. Kommunesenteret ligg i Askvoll sentrum og har om lag 1000 innbyggjarar. Dette viser eit bilete av ein geografisk stor kommune med spreidd befolkning.



Kven er dei eldre i kommunen

Statistikken og framskriving av folketal viser ein negativ befolkningsvekst uavhengig av om ein tek utgangspunkt i låg eller høg nasjonal vekst. Tabellen under viser at tal eldre over 67 år er stigande fram mot 2040, deretter går det totale talet eldre nedover. Denne nedgangen skuldast at den største aldersgruppa, personar mellom 67 og 79 år går ned. Derimot vil aldersgruppa mellom 80 og 89 år auke frå 190 til

		Hovedalternativet (MMMM)						
		2021	2026	2031	2036	2041	2046	2050
4645 Askvoll	0-17 år	593	565	522	511	506	502	497
	18-49 år	955	911	910	882	843	814	791
	50-66 år	710	637	584	547	548	568	561
	67-79 år	484	518	519	516	472	428	414
	80-89 år	190	213	250	273	295	301	297
	90 år og eldre	50	45	58	69	93	101	117

¹ <https://www.ssb.no/kommuneareal/askvoll>

297 personar i løpet av dei neste 30 åra. Vi vil vere meir enn dobbelt så mange personar over 90 år i 2050 som i dag. For tenestetilbodet er det utviklinga av eldre over 80 år som har størst konsekvensar. Reduksjonen av gruppa mellom 67 og 79 år, som vi omtaler som seniorressursen, forsterkar utfordringane. Situasjonen vert ytterlegare alvorleg når også framskrivingane av aldersgruppene mellom 18 og 66 år går drastisk ned, med nedgang på over 300 personar fram mot 2050.

Ein annan grunn trekke fram gruppa eldre over 80 år er at ei rekke sjukdommar aukar med alder, dette gjeld særleg hjarte/karlidningar, kreft og demens. Også muskel- og skjelett lidningar og sjukdommar i sanseorgana aukar med alderen. Når det gjeld psykiske helseproblem er det særleg depresjon som er aukane, om ein tek utgangspunkt i forbruk av legemidlar.

Andel eldre av befolkninga er høgare i Askvoll enn det som er gjennomsnittet i Noreg, derfor har kommunen ein høgare del av befolkninga som har demens.

Andelen personar med demens i Askvoll i 2020 er stipulert til 3,22%, dvs. 97 personar (gjennomsnittet i Norge er 1,88%). I 2050 er framskrivinga at kommunen har 2677 innbyggjarar. Personar med demens er stipulert til å auke med 57%, dvs til 154 personar². Frå 2050 vil tal eldre og dermed tal personar med demens flate noko ut. I følge FHI blir om lag 1/3 av alle personar med demensdiagnose innlagt i sjukeheim i løpet av det neste 10-året. Dette betyr også at 2/3 del av personar med demensdiagnose får tenester heime, i kombinasjon med stor grad av pårørandeinnsats.



Eldre over 80 år har ofte fleire sjukdommar samtidig³. Heile 80% av dei eldste (over 90 år) brukar meir enn 5 legemidlar⁴. Dette inneberer auka biverknadar og fallrisiko.

Vi har ikkje framskrivingstal på kommunalt nivå når det gjeld tal unge med funksjonshemming og kroniske sjukdommar, men også desse gruppene aukar. Grunn er mellom anna at den medisinske utviklinga reddar fleire liv i samband med tidleg fødsel, ulykker, skader og sjukdommar. Til dømes har gjennomsnittleg levealder for menneske med utviklingshemming auka frå 38 år til 60 år dei siste 20 åra⁵. Dette fører til at fleire i alle aldersgrupper har alvorleg funksjonsnedsetting og kroniske lidningar.

At kommunen er ein geografisk stor kommune, viser seg også igjen ved at eldre bur spreidd. Lange avstandar skapar utfordringar for å tilby og å yte gode tenester der ein bur.

Helse og omsorgstenestene

Omsorgssenteret ligg i Askvoll sentrum og inneheld sjukeheim, omsorgsbustadar og heimeteneste. Sjukeheimen har plass til 48 pasientar, 9 omsorgsbustadar med heildøgns omsorg er knytt til sjukeheimen (6 av desse vert nytta til korttidsplassar), 19 omsorgsbustadar knytt til heimetenesta og 8 nye omsorgsbustadar knytt til Bu og miljøtenesta.

² <https://demenskartet.no/#4645>

³ <https://www.fhi.no/nettpub/hin/grupper/eldre/>

⁴ <https://www.fhi.no/nettpub/hin/grupper/eldre/>

⁵ <https://snl.no/utviklingshemning>

Sjukeheimen:

- Eiga avdeling med langtidsplass for 17 personar med demens, derav ein avlastningsplass.
- Bufellesskap for 20 bebuarar
- Langtidsplass for 6 bebuarar
- Korttidsplass for 5 pasientar for rehabilitering, avlastning og utredning
- Dagtilbod 5 dagar i veka for heimebuande personar med demens

Heimetenesta yt helsehjelp og praktisk bistand til om lag 200 heimebuande personar i heile kommunen. Bu- og miljøtenesta yt tenester til personar med ulike fysiske og utviklingsmessige utfordringar i bustad, skule og aktivitetssenter. Åtte nye omsorgsbustadar for menneske med funksjonsnedsetting er innflyttingsklare 2022.

Institusjonskjøkkenet ved omsorgssenteret leverar middag etter kok-server metoden til sjukeheimsbebuarane og om lag 40 heimebuande, sju dagar i veka.

Nærmiljøsentralen er ein viktig aktør i det lokale folkehelsearbeidet, arrangement og frivillig arbeid i omsorgstenesta. Sentralen organiserer den kulturelle spaserstokken, sørvissskyss, volontørtjenesta og utkøyring av middag.

Omsorgstenesta inkludert administrasjon, kjøkken, reinhald og vaskeri består av omlag 116 årsverk. Der 88 årsverk er knytt direkte til pleie- og omsorg innan heimetenesta og sjukeheimen.


Eit aldersvenleg samfunn:

Askvoll kommune har mykje fin natur, sjø, vatn og fjell og eit aktivt friluftsliv. Det er bygd aktivitetsparkar og badestrand. Tur- og trimgrupper er etablert i fleire delar av kommunen, oftast drive av frivillige organisasjonar.

Busettinga er spreidd over heile kommunen. I følgje SSB er det 1655 bustadar i Askvoll⁶, av dei er om lag 90% einebustadar (jf. illustrasjon). Nasjonalt vil om lag 80% av dagens bygningsmasse bestå i 2050⁷. Om lag 35% av bustadane er delevis tilgjengeleg for rullestolbrukar⁸, men berre 1% av bustadane er fullt ut tilgjengelege for rullestol⁹.

Også i Askvoll kommune er store delar av bustadane bygde i ei tid med lågare krav til tilgjengelegheit, livsløpsstandard og universell utforming.

Askvoll sentrum har fokusert på fortetting av bustadar, og ein del eldre sel eigedommane sine og



⁶ <https://www.ssb.no/kommuneareal/askvoll>

⁷ https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/krd/vedlegg/boby/handlingsplaner/h-2237_web.pdf

⁸ <https://www.ssb.no/statbank/table/09762/chartViewColumn/>

⁹ <https://www.ssb.no/statbank/table/09762/tableViewLayout1/>

kjøper seg leilegheiter i sentrum. Nokre bygder har oppført byggefelt nær sørvisfunksjonar som butikk. Holmedal, Værlandet og Bulandet har kommunale trygdebustadar.

For å vere eit aldersvenleg samfunn er tilgjengeleg og tilpassa transport mellom heimområde og sørvisfunksjonar, aktivitetar og arrangement, viktig. Offentleg kommunikasjon som ferje- og buss har få avgangar, og er lite tilpassa behova innbyggjarane har for å delta. Det er etablert sørvisskyss, som kan bestillast mellom heim og butikk ein dag kvar veke, enkelte stadar kombinert med ein sosial samlingsstad arrangert av frivillige. Bulandet og Værlandet har ikkje tilbod om sørvisskyss og Stongfjorden har berre kvar 14 dag. Eldre og personar med funksjonsnedsetting har høve til å søke «Transport dør-til -dør»

Biblioteket er lokalisert på Askvoll skule og ligg to km frå Askvoll sentrum, og har utlån på grendaskulane og på butikkane i Kvammen og Bulandet.

Kommunen har eit aktivt organisasjonsliv, og dugnadsanda er stor både i lokalsamfunnet og for tenestemottakarar innan helse og omsorg.

Frivillige sørgjer for møteplassar med mat, tilstellingar, fysisk aktivitet mm. Døme er seniordans i Askvoll og Flokenes, middag i Storstova i Askvoll og Holmedal eldresenter, onsdagstreff og laurdagskafé i Kvammen, måndagskafé i Holmedal. Nærmiljøsentralen i samarbeid med frivillige organisasjonar starta opp «Møteplassen» i Askvoll sentrum i september 2021.



TREFFPUNKT: Butikken og kafelokalet er det mest brukte treffpunktet i lokalsamfunnet. Foto: David Zadig

Pensjonistar som har vanskeleg for å kome seg til butikken på eigen hand, blir henta med droseje. Transporten [blir sponsa av fylkeskommunen gjennom ordninga med serviceskyss](#).

No har eldrekaféen blitt så populær at pensjonistar frå kommunesenteret også tar turen til Kvammen.

Samarbeid med frivillige

Laurdag er den mest sosiale dagen på Joker-butikken. Då er det ofte laurdagskafé for både små og store. Lokale lag og organisasjonar skiftar om å ha ansvar for opplegget og får inntekt på sal av mat og kaffi. Av og til blir det lagt opp til praktiske aktivitetar, som for eksempel førstehjelpkurs.

Kommunen har etablert sørvissenter i Kvammen Handel og Atløy Handel. Desse sørvissenterna inneheld informasjonsskjerm, publikum PC, skrivar og utlån av bibliotekbøker. Tilsette i butikkane gir hjelp til dei som har behov til å orientere seg og nytte tilbodet. I sentrum kan publikum vende seg til Rådhuset, biblioteket og Nærmiljøsentralen. Nærmiljøsentralen og den nye møteplassen i Askvoll tilbyr dataopplæring for seniorarar. Dette bidrar til kompetanseheving på område som er viktig for deltaking, og styrkar demokratiske prosessar og deltaking i samfunnslivet.

Utfordringar:

Det er ikkje gjennomført systematisk kartlegging blant kommunen sine *ynge* eldre om butilhøve, og om ynskjer og behov for alderdommen. Derfor veit vi lite konkret om framtidige utfordringar og behov i Askvoll kommune. Ei slik kartlegging bør gjerast for å vurdere behovet for bygging av fleire bustadar i sentrumsområde, der det er kort veg til ulike sørvisfunksjonar og døgntbasert helse- og

omsorgstenester.

Lange avstandar og dårleg offentleg kommunikasjon gjer det vanskeleg for bebuarar i grendene å nytte sentrumsnære aktivitetar. Lange avstandar og drosjesentral i Askvoll sentrum inneberer også at «dør til dør» transport er eit utilstrekkeleg tilbod. Seniortransporten blir beskrive som mindre fleksibel enn tidlegare.

Mange eldre opplever det som vanskeleg orientere seg i korleis dei kan søke ulike tenester og støtte gjennom internett, og dei saknar eit sørvistorg for å få råd, informasjon og konkret hjelp.

Kommunen har få tiltak for å styrke denne aldersgruppa sin generelle kunnskap om ulike sjukdomstilstandar, motstandskraft og meistring, utanom personretta informasjon til tenestemottakarar frå fastlege og heimetenesta. Auka kunnskap generelt om ulike sjukdommar og tilstandar er også viktige føresetnadar for forståing og gjer kvardagen enklare for dei som er ramma. Eit demensvenleg samfunn fokuserer også på dette¹⁰.

Aktivitet og fellesskap

I lokalsamfunna arrangerer frivillige organisasjonar faste turar i skog og mark. Lokalbutikken i fleire bygder er viktige møteplassar i nærmiljøet, og dei samarbeider med frivillige organisasjonar om kafear og andre arrangement. «Møteplassen» i Askvoll sentrum vart starta september 2021, og er ein stad ein kan møtast for ein prat over ein kopp kaffi. Få informasjon over aktuelle tema, få hjelp med data, mobil og nettbrett¹¹.

Omsorgssenteret har aktivitør i 100% stilling som gir tilbod til bebuarane på sjukeheimen og omsorgsbustadane. Døme på aktivitetar er bingo, kafé, samtale, ulike handverk, lage tennbrikettar, gåturar, bilturar mm. Aktivitøren har ansvar for arrangement på 17. mai og i høgtider, og samarbeider tett med frivillige lag og organisasjonar om arrangement i omsorgssenteret.



Gjennom støtte frå frivillige og stiftingar har omsorgssenteret fått «taxisyklar», der ein person kan ta med to tenestemottakarar/ bebuarar på sykkeltur. Sjukeheimen har to MOTiview sykklar, som er innandørs sykklar der bebuarar får fysisk aktivitet ved å sykle, samtidig som ein virtuell ser omgjevnaden på eit lerret. Alle avdelingane på sjukeheimen fekk i 2020 store smart TV. Dette er viktige for å kunne vise filmar, og «delta» i konsertar mm. I samband med nedstenginga i 2020 fekk alle avdelingane nettbrett som bebuarar kan nytte til videokommunikasjon med familie og vener. I november 2021 vart ein skyte/ jaktssimulator installert som ny aktivitet for bebuarar på sjukeheimen og heimebuande. Omsorgstenesta har engasjerte og dyktige frivillige organisasjonar som i lag med Folkeakademiet og Nærmiljøsentralen lagar ulike tilstellingar for bebuarane på sjukeheimen og i omsorgsbustadane. «Handlevogn» på sjukeheimen, besøksvener og ringevener er døme på dette.

¹⁰ Jf. Demensplan for Askvoll kommune (ikkje vedtatt)

¹¹ Askvoll Pensjonistlag i samarbeid med Nærmiljøsentralen, Røde Kors og Råd for eldre og menneske med funksjonsnedsetjing opna Møteplassen 1. oktober 2021.

Dette er eit prosjekt som pågår til juni – 22 og har tittel Aktive møteplassar. Midlar til prosjektet kjem frå DAM-stiftinga etter søknad frå Pensjonistlaget. Askvoll kommune stiller lokale til disposisjon i Sentrumsgarden.

I samarbeid med kyrkjekontoret vert det arrangert andakt på sjukeheimen annan kvar veke. Ein musikkterapeut gjennomfører regelmessig «intimkonsertar» for bebuarar på sjukeheimen som ikkje kan gjere seg nytte av fellesarrangement.

Nærmiljøsentralen er sentral i koordinering av ulike aktivitetar. Volontørar¹² vert nytta i viktig frivillig arbeid på ulike område.

Ungdomsskulen sine valfag td. «Innsats for andre» på sjukeheimen er viktig for å skape gode møte på tvers av generasjonar.

Omsorgstenesta tilbyr språkpraksis for minoritetsspråkeleg personar, for dei eldre gir dette mangfald og for språkeleven integrering. Dette har også ført til rekruttering av arbeidskraft. Nokre av desse tek også fagbrev og bidrar med viktig kompetanse inn i omsorgstenesta.

Omsorgstenesta tilbyr praksisplassar for vidaregåande elevar, studentar og læringar. Retteleiingsoppgåver og samarbeid med utdanningsinstitusjonane er også ein vinn-vinn situasjon som bidrar til auka kunnskapsnivå og rekruttering. Tilsette i omsorgstenesta er velvillige til vidare kompetanseheving. Dette skjer både gjennom deltaking på kurs, vidareutdanning og masterutdanning. Spesiellkompetanse er: Geriatri, lindrande behandling, kreftsjukepleie, rehabilitering, akuttsjukepleie, psykisk helsearbeid, demens, og diabetes.

Utfordringar:

Mange av aktivitetane på sjukeheimen er i hovudsak retta inn mot tradisjonelle kvinneaktivitetar som handverk. Det er meir utfordrande å finn gode aktivitetar som er retta inn mot menn. Tenestene har lite erfaring og kunnskap om andre religiøse og kulturelle rituala enn det vi kjenner frå den norske kulturen.

Sjukeheimen har fått installert WiFi over heile bygget, som kan nyttast av bebuarar og besøkande. Bebuarane i omsorgsbustadane må sjølv legge inn internett eller nytte mobildata.

Uteområde rundt sjukeheimen og omsorgsbustadar/ eldrebustadar treng vedlikehald for betre og sikrere framkomst for gåande og rullestålbrukarar.

¹² Volontør er ein tittel nytta på ungdom som arbeidar som ulønna frivillige innan for godkjende EU-prosjekt.

Måltid og ernæring

Institusjonskjøkkenet på sjukeheimen har 4,5 stillingar. Kjøkkenet gjekk over til kok-server sju dagar i veka frå 12. oktober 2020. Kjøkkenet lagar dagleg lunsj (oftast varmlunsj), middag og smørjer kveldsmat.

Heimebuande eldre på fastlandet får tilkøyrte middag kvar dag. På kvardagar er utkøyringa gjort av frivillige, organisert av nærmiljøsentralen. I helgar og høgtider har vi løna personell til utkøyring av middag. På Atløy leverar frivillige middag ein dag i veka.



Sjukeheimen har endra tidspunkt for middagsmåltidene på sjukeheimen for å korte ned nattefaste, og serverer 4 hovudmåltid dagleg.

Kvardagar er lunsjen kl 12:30, middag kl 15:30-16, kvelds 18:30-19.tida. Pasientar som ynskjer det får eit ekstra kveldsmåltid.

Omsorgstenesta har jamleg gjennomgang av vektutvikling hos bebuarane på sjukeheimen og brukarar i heimetenesta, og det vert sett i verk tiltak dersom endring kan gi negative helseverknadar. Ved behov for endring i energibehovet kan kjøkkenet sette saman spesialmat og lage alternative menyar ved behov.

Utfordringar:

Institusjonskjøkkenet treng rehabilitering og større lokalitetar, og delar av utstyr treng skiftast ut. Vi manglar garderobe for kokkar av begge kjønn, og har for liten lagerplass. Eit arbeid med å planlegge modernisering og evt. bygging av nytt kjøkkenet er i gang.

Personalet rekk ikkje sitje med bebuarane på sjukeheimen under måltida.

Mange eldre bur åleine dette fører også til at dei et åleine. Selskap under måltidene kan medverke

til gode opplevingar og bidra til betre appetitt og ernæring.

Innbyggjarane på øyane etterlyser tilbod om matombering. Omsorgstenesta har ikkje eigen ernæringsfysiolog, og kjøkkenpersonalet ynskjer kompetanseheving innan ernæring og diettar.

Helsehjelp

Askvoll kommune har legesenter og legevakt i kommunesenteret på dagtid 5/7. Kveld, natt og helg deltek kommunen i den interkommunale legevakta (SysIKL) i Førde, ca 60 min køyring frå Askvoll sentrum. Øyane har ferjeturen og lokal køyring på øyane i tillegg. Grunna avstanden til legevakta deltar kommunen i ein pilot med sjukepleiebemanna legevakt, legevaktssatellitten. Dette inneberer legevaktsteneste på sjukeheimen på 15:30 – 22 kvardagar og 07 -22:00 helgar og høgtdier. Den interkommunale legevakta i Førde vurderer kven som er aktuell for legevaktssatellitten med utgangspunkt i responsvurdering. Den sjukepleiebemanna legevakta er utstyrt med teknologiske løysingar som inneber direkte videokommunikasjon med lege ved den interkommunale legevakta i Førde. Legevaktspiloten inneberer deltaking på kurs og jamleg øvingar. I innspel til webportalen vart legeteneste på Bulandet/Værlandet etterlyst.



Velferdsteknologi er eit viktig satsingsområde. Omsorgstenesta deltek i Velferdsteknologiprojektet i Sogn og Fjordane. Prosjektet i Askvoll kommune har valt å satse på elektroniske medisindispenserar (dosettar), digitalt tilsyn og lokaliseringsteknologi (GPS)

Mange pårørande opplever situasjonen krevjande, og ynskjer samtidig å ha ei viktig rolle for den som er ramma av sjukdom og funksjonsnedsetting. Det er viktig å ivareta pårørande som likeverdige samarbeidspartar, og tenesta må ta omsyn til kva som er viktig for dei ved planlegging av tenestene. Askvoll kommune har tilbod om avlastning til pårørande med stort omsorgsbehov til personar med ulike helseutfordringar, og har avlastningstilbod for pårørande til personar med demens. Tenesta er fleksibel, avlastning kan vere på døgn eller dagtid, etter pårørande og pasientane sine ynskjer og behov.

Korttidsopphald i sjukeheimen og døgnbaserte tilbod i nærliggande leilegheiter vert nytta til pasientar etter utskriving frå spesialisthelsetenesta og til heimebuande som har behov for eit høgare omsorgsnivå for ein periode. Dette kan vere for vidare utgreiing, rehabilitering eller andre føremål.

Omsorgstenesta har fysioterapeut i 40% stilling til fysisk trening, rehabilitering, vurdering av hjelpemidlar tverrfagleg samarbeid og rettleiing. Ergoterapeut i 80% stilling til bebuarar og heimebuande. Ergoterapeuten har mellom anna ansvar for kartlegging og vurdering av behov for hjelpemidlar og velferdsteknologiske ordningar. Samt tverrfagleg arbeid og rettleiing. I tillegg har sjukeheimen 0.2 årsverk som tilsynslege.

Heimesjukepleia er delt inn i følgjande grupper

- Askvoll/ Holmedal: teneste dag/kveld 7/7
- Kvammen/ Stongfjorden: teneste dag/ kveld 7/7

- Atløy: teneste dagtid 5/7
- Bulandet/Værlandet: teneste dagtid 5/7

Bu- og miljøteneste som består av fleire 1:1 prosjekt. Åtte omsorgsbustadar for menneske med utviklingshemming og andre alvorlege funksjonsnedsettingar er ferdig og innflyttingsklar i april 2022. Bu- og miljøtenesta har aktivitetssenter med eiga bemanning.

Omsorgstenesta, særleg Kårstova nyttar «Mi livshistorie¹³», som medverkar til gode samtaler med bebuar og tenestemottakar. «Min livshistorie er også viktig for å legge til rette for og finne gode individuelle aktivitetar.

Kommunen etablerte demensteam frå den 1.9.21 som består av to spesialsjukepleiarar, lege og ergoterapeut. Dagtilbod for heimebuande med demens har tilbod fem dagar i veka. Dagtilbodet har base på Kårstova, og nyttar mykje av tida til individuelle og gruppeaktivitetar på turar til fots og i bil, aktivitetar på Fellesstova og på Kårstova.

Utfordringar:

Kommunen har for få institusjonsplassar til personar med demens, derfor må det planleggast for korleis vi skal møte den forventade auka av personar med demens. Lokalitetane for dagtilbodet for heimebuande personar med demens er inne på Kårstova. Vi erfarer at ein del personar med demens og pårørande vegrar seg for å søke dagtilbod, fordi basen er inne i sjukeheimsavdelinga. Dette gjer til at enkelte «kjem for seint» til å ha godt utbytte av dagtilbodet, sett i forhold til sjukdomsforløpet. Det fører også til at pårørande vert svært slitne.

Det er behov for sterkare innsats i arbeidet med å innføre velferdsteknologi. Gode velferdsteknologiske løysingar kan utsette behovet for langtids plass på sjukeheim, skape meir tryggleik hos heimebuande og deira pårørande. Velferdsteknologi kan også bidra til at heimetenesta kan gje helsehjelp til fleire.

På demensavdelinga trengs det elektroniske låsar for å hindre at pasientar går inn på kvarandre sine rom.

Etterkvart vil vi også få utfordringar knytt til eldre med alvorlege rus- og psykiske helseutfordringar. Dette må vi planlegge for, gjerne saman med omliggande kommunar.

Fysioterapeuten har ikkje eige treningsrom på sjukeheimen for rehabilitering og trening. Eit pasientrom vert midlertidig innreia til trenings- og behandlingsrom i løpet av våren 2022.

Innbyggarane på øyane har ikkje tilbod om heimeteneste på ettermiddag/natt og helgar. Fleire innspel til webportalen omhandla ynskje om, og behov for heimesjukepleie kveld og helgar på Atløy, Bulandet og Værlandet. Det er sett i gang eit arbeid for å greie ut kostnadane ved utviding av heimetenestetilbodet.

Omsorgstenesta har dårleg garderobeløysing for tilsette. Særleg for mannlege tilsette er dette eit stort problem.

Delar av omsorgstenesta slit med stort sjukefråvær blant personalet, dette blir ofte knytt opp til låg grunnbemanning.

¹³ «Mi livshistorie» er eit bakgrunnsopplýsingsskjema som kan fyllast ut av personen med demens eller pårørande, og har som hensikt å få fram den enkelte si liv, kva som har vore viktig og kva som er viktig i framtida.

Sjukeheimen har etterslep på vedlikehald, der vindauge og dører treng skiftast ut. Det er behov for solskjerming i store delar av sjukeheimen.

Samanhengande tenester

Samanhengande tenester er eit sentralt område i eldrereforma. Eit viktig fokus er at personsentrert tilnærming og individuelle teneste må erstatte standardløyningar, og auka kontinuitet er viktig.

Sentralt her er samarbeid mellom spesialisthelsetenesta, KAD og kommunen om inn- og utskrivning av pasientar. Til dømes er kommunane er forplikta til å ta i mot og etablere nødvendig helse-, rehabilitering og omsorgsteneste innan eit døgn etter pasienten er vurdert som ferdig behandla og utskrivingsklar frå spesialisthelsetenesta. I kommunen flyttar eldre seg mellom ulike omsorgsnivå, og ei teneste erstattar ei anna, avhengig av den enkelte sin helsetilstand. For at tenestene skal vere gode for pasienten er kommunikasjon, samarbeid og relevant kompetanse hos tilsette både i/ og mellom kommunale helse og omsorgstenesta og spesialisthelsetenesta viktig. Eit fokus på kva som er viktig for pasient/ tenestemottakar, i samarbeid med pårørande er sentralt i vurdering av behov og val av tenester.

Askvoll kommune er ein liten og oversikteg kommune. Og det er eit nært samarbeid mellom tenestene i institusjonen og heimetenestene.

Når den eldre blir tildelt helse- og omsorgstenester vert det gjennomført kartleggingssamtale og utarbeidd tiltaksplan. Nye bebuarar, eventuelt ilag med pårørande, vert oppmoda om å utforme «Min livshistorie». Det vert gjennomført jamlege pårørandesamtaler for bebuarar i sjukeheimen, og etter behov i heimetenesta. Bebuarar i sjukeheimen har to primærkontaktar, der den eine er sjukepleiar. Tiltaksplaner vert utarbeida for alle brukarane. Omsorgstenesta i samarbeid med tilsynslege/ fastlege har halvårleg legemiddelgjennomgang.

Bebuarar på sjukeheimen og pasientar som mottar heimesjukepleie får tilbod om gratis konsultasjonar hos tannlege, og omsorgstenesta har jamlege samarbeidsmøte med, og rettleiing frå tannhelsetenesta.

Omsorgstenesta har innført «tavlerapport» for fokus på endring i helsetilstanden, oppdatering av tiltak og om kva som til ei kvar tid er viktig for den enkelte. Ved behov gjennomfører personalgruppa refleksjonsmøte der den enkelte bebuar sine behov og utfordringar vert diskutert og tiltaka evaluert. Ved behov for auka spesialkompetanse relatert til enkeltpasientar deltek personalet på opplæring i spesialisthelsetenesta.

Kompetanse i helse- omsorgstenesta:

- Helsestasjon med 3 helsesjukepleiarar, ikkje tilbod om helsestasjon for eldre
- Rus- og Psykisk helsetjeneste med 1,8 årsverk, psykiatrisk sjukepleiar
- Ruskonsulent
- Demensteam: 2 spesialsjukepleiarar, ergoterapeut og lege
- Tilsynslege 20% stilling
- Fysioterapeut 40% stilling
- Ergoterapeut 80% stilling
- Psykolog 50% stilling
- Kreftsjukepleiar 40% stilling
- Fagutviklingssjukepleiar 60% stilling
- Syn og høyrselekskontakt 20% stilling
- Ressurssjukepleiarar i: sårbehandling, lindrande behandling og diabetes.



Mange av tilsette har vidare- og etterutdanning av ulik omfang (akuttsjukepleie i kommunehelsetenesta, demens, geriatri, velferdsteknologi, rehabilitering, psykisk helse, coaching/ rettleiing). Fem sjukepleiarar er spesialsjukepleiarar, og ein held på med masterutdanning. Fleire helsefagarbeidarar/ hjelpepleiarar har eittårig vidareutdanning i psykisk helsearbeid eller geriatri. Ein stor del av personalgruppa har tverrfaglege kurs innan demens, musikk som miljøarbeid, aldring og helse, velferdsteknologi,

systematisk observasjon og kartlegging – akutt funksjonssvikt. Alle tilsette har pålegg om å gjennomføre e-læringskurs i: samtykkekompetanse, somatisk helsehjelp gitt med tvang, nye corona virus, smittevern og brannkurs.

DigiHelse¹⁴ blir innført i Askvoll, noko som gjer det lettare å kommunisere med brukarar og pårørande i heimetenesta.

Omsorgstenesta gjennomfører eit forbetningsarbeid i regi av FHI og KS. Dette er eit samarbeid med dei andre kommunane og spesialisthelsetenesta og USHT¹⁵. Askvoll sitt fokus er søknad- og vedtaksprosessen om omsorgstenester. Dette inneberer framlegg om innføring av tildelingskontor, forbetre og digitalisere søknadsskjemaet. I tillegg utarbeide kartleggingsskjema for vurdering av behov og ulike sjekklister i overgangar mellom tenestene (heim-sjukeheim, sjukeheim/heim – spesialisthelsetenesta).

For å rekruttere/ behalde fagpersonale vert ledige stillingar lyst ut. Tenesta har stipendordning m/ bindingstid for tilsette under utdanning. Tilsette kan søke om permisjon ved vidare- og etterutdanning. Ved ledige stillingar blir tilsette i reduserte stillingar tilbydd å auke opp sine stillingar. Omsorgstenesta har eit tydeleg fokus på å rettleie tilsette utan fagutdanning, med lang



¹⁴ DigiHelse er eit elektronisk system som gjer det muleg for brukarar og pårørande å kommunisere digitalt med helsepersonell via helsenorge.no.

¹⁵ USHT: Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester i Vestland

tenestetid, til å ta fagutdanning til dømes gjennomgå praksisvegen til fagbrev som helsefag-omsorgsarbeidar. Fleire reinhaldarar er også i gang med praksisvegen til fagbrev som reinhaldarar.

Omsorgstenesta har eit godt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og tek i mot sjukepleie-, vernepleie- og fysioterapistudentar. Dette gjeld også vidaregåande skular, der vi tek i mot elevar og lærlingar. Vi samarbeider vidare med Utviklingscenteret for sjukeheim og heimetenester og andre kommunar gjennom det nasjonale velferdsteknologiprojektet og i KS og FHI prosjektet: Gode pasientforløp. Kommunen har etablert eit prosjekt i sjukefråværsoppfølging i samarbeid med NAV, KS, KLP og Bedriftshelsetenesta.

Utfordringar

På bakgrunn av svake sider ved søknad- og vedtaksprosessen gjennomfører omsorgstenesta eit forbetningsarbeid i programmet «Gode pasientforløp».

Til tross for mykje god kompetanse, og vilje til vidareutdanning og kompetanseheving, er ein kompetanseplan viktig. I følge Høgskulen på Vestlandet vil det bli stilt krav frå sentrale styresmakter om at rettleiarar for sjukepleie- og vernepleiarstudentar skal ha 10 sp rettleiingskompetanse.

Syn/høyrseil vert svekka med alderen. Kommunen har syn/høyrseilkontakt, men eldre er avhengig av spesialisthelsetenesta for å få tilpassa syn/høyrseil hjelpemiddel. For eldre på sjukeheimen og heimebuande som ikkje kan reise til timar på sjukehus får ikkje denne nødvendige tilpassinga. Dette skapar store utfordringar for den enkelte i å kunne delta i samtaler, sosiale arrangement og i å forstå og delta i helseretta tiltak. Dette er særleg problematisk for eldre med kognitiv svikt.

Pasientar med korttidsopphald har behov for tiltak basert på tverrfagleg samarbeid og tydelege målsetningar raskt. Liten ressurs innan fysioterapi og lege gjer tidleg innsats vanskeleg.

Strategisk handlingsplan - Leve heile livet – Askvoll kommune

	Strategi	Tiltak 2022	2023	2024/25	Ansvar	Økonomi	
Aldersvenleg samfunn	1. Tilgjengeleg og tilrettelagt transport mellom bygdene og Askvoll sentrum, og mellom utkantane og sørvisfunksjonar/aktivitetar i bygdene	<ul style="list-style-type: none"> Avtale med frivillige om bistå med transport 			Nærmiljø-sentralen		
		<ul style="list-style-type: none"> Vurdere fleksible transportordningar med Firda Bilag 	<ul style="list-style-type: none"> Styrke offentleg kommunikasjon/sørvistransport mellom bygdene og Askvoll sentrum 		Rådmann		
	2. Innbyggjarane opplever at dei får god informasjon for å kunne planlegge eigen alderdom	<ul style="list-style-type: none"> Sørvistorg som kan gje råd og rettleiing i ulike livssituasjonar Informasjon via internett og møter om planlegging av eigen alderdom Informasjon om ulike støtteordningar (frå kommunen/ Husbanken) 				Rådmann	Søke tilskot
		<ul style="list-style-type: none"> Tilpassa bustadpolitikk – sentrumsutvikling Samarbeide med private aktørar ved oppføring av leilegheitskompleks Stille krav til utbyggjarar i sentrum om at ein andel av bustadane skal ha livsløpsstandard 				Rådmann	

	Strategi	Tiltak 2022	2023	2024/25	Ansvar	Økonomi
		<ul style="list-style-type: none"> Førebyggjande heimebesøk til personar over 80 år for å kartlegge framtidige ynskje og behov for bustad/ ombygging 	<ul style="list-style-type: none"> Førebyggjande heimebesøk til personar mellom 70 – 81 år for å kartlegge framtidige ynskje og behov for bustad/ ombygging 		Rådmannen (fysio/ ergo, NAV og sjukepleiar)	
3.	Godt tilrettelagde sentrumsområde	<ul style="list-style-type: none"> Stille krav i reguleringsplanar om tilkomst og tilrettelegging 			Rådmann	Vurderast i samband med årleg budsjett
4.	Auka kunnskap blant eldre om ulike sjukdomstilstandar, motstandskraft og meistring	<ul style="list-style-type: none"> Arrangere pårørandeskule og pårørandegruppe Undervise/ temakvelder om ulike sjukdommar og helsefremmande eigeninnsats Førebyggjande heimebesøk 			Demens-teamet Seksjonsleiar Seksjonsleiar	Søke tilskot
5.	Pensjonistar som bidrar med ressursar og energi	<ul style="list-style-type: none"> Fortsette samarbeid med frivillige 			Nærmiljø-sentralen	
6.	Demensvenleg samfunn		<ul style="list-style-type: none"> Etablere kontrakt med Nasjonalforeningen for Folkehelsen 		Demens-teamet	Søke tilskot

	Strategi	Tiltak 2022	2023	2024/25	Ansvar	Økonomi	
Aktivitet og fellesskap	1. Nye aktivitetstilbod til bebuar og heimebuande 2. Møteplassar	<ul style="list-style-type: none"> • Frivilligkontaktar i alle sjukeheimsavdelingane • Samarbeide med frivillige organisasjonar om å få «Jakt- og skytevener» og andre aktivitets- og turvener • Bygdeveggar på sjukeheimen • Starte opp att aktivitetar etter pandemien • Utlån av bibliotekbøker på sjukeheimen 			Seksjonsleiar Frivillig-kontakter/ aktivitør Biblioteksjef		
	3. Tilrettelagde uteområde	<ul style="list-style-type: none"> • Asfaltere gangstiane rundt sjukeheimen og uteområdet framfor Fellesstova • Oppgradere utområde ved eldrebustandar 				Vurderast i samband med årleg budsjett	
	4. Samtalegrupper for personar med demens og pårørande	<ul style="list-style-type: none"> • Tilrettelegge for demenskoordinator i 20% stilling 	<ul style="list-style-type: none"> • Opprette 40% som demenskoordinator 		Rådmann		
	5. Seniortrim, i sentrum og bygdene	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid med frivillige 				Folkehelsekoordinator	
	6. At alle eldre skal få ivaretatt sine religiøse og eksistensielle behov		<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføre kurs og opplæring i ulike religionar 			Seksjonsleiar	
	7. Ha eit formalisert og godt samarbeid mellom nærmiljøsentralen, folkehelsekoordinator og aktivitør	<ul style="list-style-type: none"> • Etablere samarbeidet 				Folkehelsekoordinator	
	8. Tilgang til Internet i omsorgs- og trygdebustadar	<ul style="list-style-type: none"> • Installere internett 				Rådmann	

	Strategi	Tiltak 2022	2023	2024/25	Ansvar	Økonomi
Måltid og ernæring	1. Oppretthalde god ernæringsstatus for eldre mottakarar av heimesjukepleie og bebuarane i sjukeheim	<ul style="list-style-type: none"> Tilby spesialtilpassa kosthald til pasientar i risiko for feil-/underernæring Kurs i spesialernæring og diettar for tilsette på institusjonskjøkenet Evaluere måltidsendringane på sjukeheimen 			Kjøkkensjef/ primær kontakt	
		<ul style="list-style-type: none"> Utgreie kostnader og vurdere tilbod om middagslevering på øyane 			Kommunal-sjef	
	2. Måltidsfellesskap	<ul style="list-style-type: none"> Legge til rette for meir tid for personalet å sitte med/ mate pasientar i samband med Samarbeide med pårørande og frivillige organisasjonar om måltidsvenner, til både heimebuande og bebuarar i sjukeheimen 			Gruppeleiar/ seksjonsleiar	
	3. Tilfredstillande lokale for institusjonskjøkken	<ul style="list-style-type: none"> Planlegge rehabilitering/nybygging av institusjonskjøkkenet Garderobe for menn 		<ul style="list-style-type: none"> Nytt/ rehabilitert kjøkken 	Rådmann Kommunal-sjef helse og omsorg	Vurderast i samband med årleg budsjett

	Strategi	Tiltak 2022	2023	2024/25	Ansvar	Økonomi
Helsehjelp	1. At innbyggjarane er trygge på at dei får nødvendige helse- og omsorgstenester ved behov	<ul style="list-style-type: none"> • 2 faste avlastningsplassar til personar med demens • Gjennomgang av utnyttinga av bygningsmassen på Askvollheimen 	<ul style="list-style-type: none"> • Starte planlegginga av institusjonsplassar, omsorgsbustadar, og tenestebehov for endringar i demografi fram mot 2050 	<ul style="list-style-type: none"> • Åtte bufellesskap/ omsorgsbustad personar med demens/andre 	Rådmann Kommunalsjef helse og omsorg	Vurderast i samband med årleg budsjett
	2. Eldre som ynskjer, og kan bu heime, får nødvendig helsehjelp og bistand	<ul style="list-style-type: none"> • Utreie kostnad og vurdere utviding av heimesjukepleie på øyane til kveld/ helg • Utvide velferdsteknologiske løysingar 	<ul style="list-style-type: none"> • Tilpasse kompetanse og kapasitet til framtidig behov 		Kommunalsjef helse og omsorg	Vurderast i samband med årleg budsjett
	3. Bebuarar på sjukeheimen opplever at helsehjelpa er trygg og tilpassa den enkelte sine behov	<ul style="list-style-type: none"> • Utabeide pleieplan/tiltaksplan i samarbeid med pasient og evt. pårørande 			Primær-kontakter	
		<ul style="list-style-type: none"> • Vurdere digitalt tilsyn på pasientrom om natta • Elektroniske dørlåsar på pasientdørene på Kårstova 			Kommunalsjef	
	4. Grunnbemanning i sjukeheimen som er tilpassa behov for kapasitet og kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide bemanningsplan med utgangspunkt i pleiefaktor og kompetansekrav • Utarbeide kompetanseplan 	<ul style="list-style-type: none"> • Grunnbemanning i samsvar med bemanningsplan 		Kommunalsjef helse og omsorg	
	5. Nye lokalar for dagtilbodet for heimebuande personar med demens	<ul style="list-style-type: none"> • Ta i bruk midlertidig lokale til dagtilbod 			Nye lokale til dagtilbod	Kommunalsjef for helse og omsorg
6. Menneske med demens møtast med respekt og forståing	<ul style="list-style-type: none"> • 	<ul style="list-style-type: none"> • Avtale om demensvenleg samfunn 				Vurderast i samband med årleg budsjett

	Strategi	Tiltak 2022	2023	2024/25	Ansvar	Økonomi
Helsehjelp	7. Eldre med alvorlege rus- og psykiske helseproblem skal få eit verdig tilbod	<ul style="list-style-type: none"> Ta initiativ til interkommunalt samarbeid om ei sjukeheimsavdeling for eldre med rus- og psykiske helseproblem 			Kommunalsjef helse og omsorg	
	8. Rehabilitering i egna lokalar på sjukeheimen	<ul style="list-style-type: none"> Ta i bruk midlertidig behandlingsrom på sjukeheimen for fysioterapi og rehabilitering 		<ul style="list-style-type: none"> Nytt behandlingsrom for fysioterapeut 	Kommunalsjef helse og omsorg Rådmann	Vurderast i samband med årleg budsjett
	9. Funksjonell bygningsmasse som tilfredstillar krav til arbeidsmiljø og tilfredsheit	<ul style="list-style-type: none"> Gjennomføre nødvendig vedlikehald på bygningsmassen (dører, vindauge lekkasje mm) på sjukeheimen Solskjerming på pasientromma 	<ul style="list-style-type: none"> Garderobeløysing for menn 	<ul style="list-style-type: none"> Nye garderobefasilitetar for tilsette 	Rådmann	Vurderast i samband med årleg budsjett
	10. Bebuarar på sjukeheimen opplever at sine psykososiale behov vert ivaretatt	<ul style="list-style-type: none"> Vurdere å bli sertifisert som livsgledesykehjem Samarbeide med frivillige lag og organisasjonar 			Seksjonsleiarane	Søke tilskot
	11. Pårørande opplever at deira behov vert i varetatt og at dei kan ha ein jamn innsats for sine eldre	<ul style="list-style-type: none"> Gode og føreseielege avlastningsordningar Samarbeide med pårørande i utforming av tenestene Pårørandeskule Meir tilrettelegging for pårørande i avdelingane (kaffimaskin) 			Seksjonsleiarane/ Demensteamet	Søke tilskot

	Strategi	Tiltak 2022	2023	2024/25	Ansvar	Økonomi
Samanhengande tenester	1. Søkarar av helse- og omsorgsteneste skal få ein god og rettferdig vurdering- og vedtaksprosess	<ul style="list-style-type: none"> Tildelingskontor Nytt søknadsskjema for helse- og omsorgstjenester Utarbeide kartleggingsverktøy til vedtaksprosessen 			Kommunalsjef helse og omsorg	Vurderast i samband med årleg budsjett
	2. Gode og trygge overgangar mellom heim og sjukeheim, og kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta	<ul style="list-style-type: none"> Utarbeide sjekklister for tryggare overgangar i tenesta og mellom ulike nivå Tidleg vurdering av den enkelte sin funksjon, og koordinere og sette i gang rehabilitering (ergo, fysio, lege og spl) 			Seksjonsleiar	
	3. Pasientar og brukarar skal oppleve kontinuitet i tenestene	<ul style="list-style-type: none"> Primærkontaktar til alle tenestemotakarar i heimetenesta og sjukepleien 			Seksjonsleiarane	
	4. Pasientar og brukarar skal bli ivaretatt av kompetent helsepersonell	<ul style="list-style-type: none"> Rehabiliteringsteam Samarbeid med spesialisthelsetenesta om å få tilpassing av syn/hørsel tenester i kommunen Kompetanseplan Innsatsteam 	<ul style="list-style-type: none"> Tilsynslege i 40 % Fysioterapi i 60% Auka kompetanse på psykiske helseproblem og rusavhengigheit hos eldre 		Rådmann Kommunalsjef helse og omsorg	Vurderast i samband med årleg budsjett
	5. Eldre opplever at dei får informasjon og oppfølging ved store endringar i livssituasjonen	<ul style="list-style-type: none"> Førebyggjande heimebesøk (ny kronisk diagnose, utskriving frå sjukehus og ved dramatiske hendingar mm) 			Seksjonsleiar	Søke tilskot
	6. Omsorgstenesta skal vere ein god læreplass for tilsette, studentar, elevar og lærlingar	<ul style="list-style-type: none"> Auka kompetanse i rettleiing av studentar, elevar og lærlingar 			Seksjonsleiar	